

mandag 7. februar 2022

## Uttale frå Nissedal ungdomsråd til felles klimaplan for Vest- Telemark

Dette tenker vi om klimaplanen og berekraft i Nissedal kommune. På side 49/50 står det om å utnytte og bruke matavfallet dei tek imot på IATA til lage straum, det meiner vi er bra for å arbeide med berekraft.

Vi meiner at Vest- Telemark bør byrje å produsere meir mat lokalt, enn å importere like mykje som vi gjer no frå andre land. Vi bør utnytte våre naturressursar og beitelandet på ein berekraftig måte.

På side 52 står det om miljøfyrtårn sertifiserte verksemder i Vest- Telemark, vi meiner at vår kommune og dei andre kommunane bør arbeide for at verksemder og kommunane blir miljøfyrtårn sertifiserte. Ungdomsrådet i Nissedal kommune vil prøve å påverke der vi kan for at kommunen arbeider retta mot berekraft og miljø.

På side 56 om Transport i Vest Telemark står det litt om miljøvennleg transport. Vi tenker at det er bra at ein arbeider med overgangen til fossilfri kollektivtransport, for vi er mange ungdommar som sliter med å komme seg heim frå fritidsaktivitetar. Difor håpar vi at ved å bruke miljøvennlege transportmidlar kan få eit etterlengta tilbod på plass.

På veggen av Nissedal ungdomsråd

Leiar

Julianne Homme

